



Bjørn Tore Fjellstad Helland
LANGHØYANE 26
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2003 - 22/93180

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
12.12.2022

Ferdigattest - gbnr 445/259 Manger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 1397/22
Tiltakshavar: Bjørn Tore Fjellstad Helland
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad på gbnr 445/259//.
Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.
Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.03.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.12.2022 og supplert 12.12.2022.

Skildring

Adresse:	Langhøyane 26
Bygningstiltak:	Tilbygg einebustad
Bygningsnummer:	24207765
Bruksareal:	74,4 m ²
Avlaup:	Offentleg avlaupstilknyting
Vatn:	Offentleg vassstilknyting
Tal på røykløp:	1

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2003

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Tore Fjellstad Helland	LANGHØYANE	5936	MANGER
	26		
Karoline Oset	Langhøyane 26	5936	MANGER
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ